



MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: *Anna Marit Storemark, Edvard Koppen, Tone Sævi, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Turid Moldøyen, Rune Minde.*

Kommunal representant: *Silje Sulen Gullaksen.*

Frå kyrjekontoret: *Leif Arne Økland – kyrkjeverje.*

Saksoversikt: F 04 - 06/2020

F 04/20	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERAT FRÅ 04.02.2020
Vedlegg	Møteboka frå 04.02.2020 Innkallinga 17.06.
Vedtak:	<i>Møteboka frå 04.02.2020 vart godkjent utan merknader. Innkallinga for 17.06 vart godkjent utan merknader.</i>

F 05/20	ORIENTERINGAR
	<ul style="list-style-type: none">• Koronasituasjonen og konsekvensar av denne. <p><i>Det vart orientert om smittevernplanen som vi har gått igjennom med staben. Det vart også orientert om at det er avgrensingar på kor mange som kan delta i opne arrangement i kyrkja, sjølv om det no er opna for inntil 200 etter nasjonale føringar.. Metersregelen gjer at storleiken på rommet vil begrensa dette talet. For Fedjekyrkja sin del er dette talet 75. Alle som kjem til ei gudsteneste vert ført opp med namn og telefonnummer. Dette gjeld også alle andre samlingar i kyrkja. Når det gjeld konfirmasjonssøndagen i august vil den kunna ta inn eit høgare tal på folk i kyrkja, sidan ein på førehand veit kven som kjem og at ein gjennom ein konkret setepplan kan plassera familiare slik at metersregelen vert oppretthalden. Dette har samanheng med at familiar i same husstand, kan sitja tettare.</i></p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<ul style="list-style-type: none">• Manglande rekneskap for 2019. <i>Soknet har ikkje fått rekneskapen for 2019 endå. Det er også forseinkingar i kommunen sin rekneskap. Situasjonen er ikkje tilfredsstillande og ein manglar den viktigaste reidskapen for å kunna styra økonomien.</i>• Kostnad for bruk av Akasia (no TET) rekneskap – for oppsetjing av rekneskapen for åra 2016 – 2018. <i>Dette vert ein betydeleg kostnad og har til no kome opp i om lag 100.000 kroner. Ca 25.000 av denne kostnaden er ført i 2019. Det gjenstår endå litt arbeid før arbeidet er ferdigstilt. Akasia rekneskap har hatt vanskar med å få svar på dei spørsmåla dei har bedt om. Vi har ikkje noko anna val enn å køyra denne prosessen til endes, for å få rekneskapen for desse åra avtstemt og revidert.</i>
--	--

F 06/20	JUSTERING AV TENESTEYTINGSAVTALEN MELLOM FEDJE SOKN OG FEDJE KOMMUNE
	<p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd går inn for at ordlyden i tenesteytingsavtalen mellom Fedje sokn og Fedje kommune vert justert. I eksisterande avtale er kyrkjetenar og reinhaldar tilsett av Fedje kommune. Arbeidsgjevaransvaret er likevel overført til soknet og dette må avspeglast i ei justering av avtalen. Soknerådet ber om at justert tenesteytingsavtale også vert formalisert av Fedje kommune. Kyrkjekontoret får fullmakt til å utarbeida tekst til ny avtale og presentera denne for kommunen.</i></p> <p><u>VEDTAK:</u> <i>Fedje sokneråd går inn for at ordlyden i tenesteytingsavtalen mellom Fedje sokn og Fedje kommune vert justert. I eksisterande avtale er kyrkjetenar og reinhaldar tilsett av Fedje kommune. Arbeidsgjevaransvaret er likevel overført til soknet og dette må avspeglast i ei justering av avtalen. Soknerådet ber om at justert tenesteytingsavtale også vert formalisert av Fedje kommune. Kyrkjekontoret får fullmakt til å utarbeida tekst til ny avtale og presentera denne for kommunen.</i></p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p><u>Bakgrunn:</u></p> <p>Det eksisterer ein tenesteytingsavtale mellom Fedje Sokn og Fedje kommune. Det har ikkje vore råd å finna ut av kor tid denne vart inngått. Avtalen viser likevel til at rekningar frå soknet ville bli skanna i programvara Visma med verknad frå 1.januar 2014. Så ein kan gå ut frå at eksisterande avtale har blitt inngått for om lag 6 år sidan.</p> <p>Kyrkjetenar og reinhaldarressursen har tidlegare lagt direkte under Fedje kommune tekniske tenester, inntil for eit par år sidan. No er kyrkjetenar og reinhaldar tilsett av Fedje sokn og med soknet som arbeidsgjevar. (Kommunen har i si tid følgd denne endringa opp med å auka opp lønsmidlane tilsavarande). Dette vert ikkje avspegla i tenesteytingsavtalen og må justerast.</p> <p>Dei andre punkta i tenesteytingsavtalen handlar om Fedje kommune sitt ansvar for å utføra økonomi og rekneskapstenester, kontortenester og ansvaret for tekniske tenester.</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): *Anna Marit Storemark, Edvard Koppen, Tone Sævi, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Turid Moldøyen, Rune Minde.*

Frå kyrjekontoret: *Leif Arne Økland – kyrkjeverje.*

Saksoversikt: S – 04/20 – S 08/20

S 04/20	GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 04.02.2020
Vedlegg	Referat frå 04.02.2020 Innkalling for 17.06.2020
Vedtak:	<i>Referat frå 04.02 godkjent utan merknader. Innkallinga for 17.06 godkjent utan merknader.</i>

S 05/20	ORIENTERING
	<ul style="list-style-type: none">Eiga dåpsgudsteneste 11.juli. <p><i>Det er Per Børge Hillestad som skal ha denne. Dette er gjort i samråd med Rune Minde, som har ferie på dette tidspunktet. Det er ønskjeleg – også uttrykt frå sentralt kyrkjeleg hald – at ein i desse tider med avgrensing på deltaking på ordinære gudstenester, kan ha eigne dåpsgudstenester når forholda ligg til rette for dette.</i></p> <ul style="list-style-type: none">Konfirmasjon 29.august og eventuell fest for konfirmantane (soknerådet drøftar dette i møtet).



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p><i>Det vert lagt opp til fest for konfirmantane torsdag 20.august i bedehuset. Rune Minde og Amelie Knierem har ansvaret for programmet. Det kom opp eit forslag om ein stadnamnquiz. Tone Sævi spør Olav Husa om dette. Meny vert taco-suppe (ikkje buffet).</i></p> <ul style="list-style-type: none">• Fest for 50 års konfirmantane 16.august. <p><i>Festen for 50 (og 51 års) konfirmantane, vert den 16.august. Heilt på tampen har det komen inn ei stor mengde med påmeldingar. Det vert middag på bedehuset.</i></p>
S 06/20	GODKJENNING AV GUDSTENESTELISTA FRAMOVER OG OFFERTILDELING Vedlegg: Gudstenesteliste
	<p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Soknerådet godkjenner gudstenestelista slik den ligg føre. Offertildelingane skjer i møtet og er som følgjer:</i></p> <p><u>VEDTAK:</u></p> <p><i>Soknerådet godkjenner gudstenestelista slik den ligg føre. Offertildelingane skjer i møtet og er som følgjer:</i></p> <p><i>16.08: Fjon Fjellkyrkje</i> <i>29.08: Kyrkjelydsarbeidet</i> <i>13.09: Bibelselskapet (skulle vore 29.03)</i> <i>18.10: NMS (skulle vore 09.04)</i> <i>01.11: G2 Kyrkjelydsarbeidet</i> <i>15.11: Kirkens Bymisjon.</i> <i>28.11: Kyrkjelydsarbeidet.</i> <i>24.12: Kirkens Nødhjelp.</i> <i>26.12. Kyrkjelydsarbeidet.</i></p> <p><i>Sagt i møtet:</i></p> <ul style="list-style-type: none">• <i>Det er ønskeleg med presentasjon av dei nye konfirmantane i gudstenesta 13.09.</i>• <i>Utdeling av biblar til 5.klasse, bøker til 2.klassingar og 4 årsbøker, vert lagt til gudstenesta 18.10.</i>• <i>Om det let seg gjera ønskjer Rune å få til ei jazzgudsteneste den 15.11.</i>• <i>Ivar Mæland arrangerer orgelkonsertar i kyrkja 28.juni og 23.august.</i>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<ul style="list-style-type: none">• <i>Det vert prøvd å få til ein salmekveld med Eivind Skeie i haust, sannsynlegvis ein kveld midt i veka. Tone Sævi sjekkar dette ut.</i> <p>Bakgrunn:</p> <p>I mars vart alle kyrkjene stengte og gudstenestene avlyst, grunna koronautbrotet. På grunn av den ekstraordinære situasjonen vart alle vårkonfirmasjonane også avlyste. Dette vart gjort etter nasjonale pålegg.</p> <p>Konfirmasjonsgudstenesta for Fedje er no beramma til laurdag 29.august kl 12.00. 7 ungdommar skal konfirmerast i år. Det er laga ein konkret plan med seteplassering og begrensing på kor mange som kan koma. Dette er det gitt informasjon om til konfirmantane og foreldra. Det vil vera tilstrekkeleg med 1 gudstenste på Fedje.</p> <p>Folk i kyrkjelyden på Fedje har bidratt positivt på dei digitale gudstenestene «frå kjøøkenbenken», som vi har hatt saman med Austrheim sokn. Desse gudstenestene har vi fått gode tilbakemeldingar på.</p> <p>Det er no opna for gudstenester igjen og det ser ut til at talet på kor mange som kan samlast aukar opp litt etter litt.</p> <p>Kyrkjeverja rår til at offertildelingane framover vert gjort i soknerådsmøtet.</p>

S – 07/2020	OPEN KYRKJE SOMMAREN 2020
	<p><u>Framlegg til vedtak:</u></p> <p><i>Soknerådet gjennomfører ordninga med open kyrkje sommaren 2020, etter vanleg praksis.</i></p> <p><u>VEDTAK:</u></p> <p><i>Soknerådet kan ikkje gjennomføra ordninga med open kyrkje sommaren 2020, grunna informasjon i møtet med pålegg om at det</i></p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p><i>må vera folk tilstades heile tida, av smittevernomsyn. Soknerådet har dermed ikkje kapasitet til å ta på seg denne oppgåva.</i></p> <p>Bakgrunn: Fedje sokneråd har tidlegare praktisert ei ordning med open kyrkje midt på sommaren. Dette har vore ei ordning som har blitt gjort på dugnad, fortrinnsvis av soknerådet sine medlemmer. Den som har «ansvarsveke» låser opp om morgonen og låser kyrkja om kvelden.</p> <p>Saka vert lagt fram til drøfting i soknerådet.</p>
--	--

S – 08/2020	SØKNAD OM LEIGE AV KYRKJA TIL OPERAKONSERT
	<p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Soknerådet godkjenner søknad frå Bergen Nasjonale Opera om leige av kyrkja til operakonsert laurdag 12.september. Det vert også lagt til rette for at kyrkja kan brukast til øving same dag og dagen før. Det er ei forutsetning for leiga at smittevernreglane vert følgd i tett samarbeid med kommunelegen. Kostnad for leige av kyrkja er: ?</i></p> <p><u>VEDTAK:</u> <i>Bergen Nasjonale Opera får låna Fedjekyrkja til operakonsert 11. og 12.september, med dei koronarestriksjonane som ligg føre i september.</i></p>